



Statens vegvesen

Siri Berrefjord
Froksmoen 1
3512 HØNEFOSS

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Hilde Gunn Stenseth /
56520207

Vår referanse:
16/60575-5

Dykkar referanse:

Vår dato:
18.07.2016

Statens vegvesen sitt svar på søknad om avkjørsel / biloppstillingsplass – fv. 7 – gnr. 136 bnr. 3 – Hardangerveien 3554 – Granvin kommune

Vi syner til søknad dagsett 25.06.2016 frå Siri Berrefjord.

Vedtak:

Statens vegvesen godkjenner på vilkår søknaden om avkøyrsløse frå fv. 7 ved hp. 12 km. 0,593 til eigedomen gnr. 136 bnr. 3 i Granvin herad. Vedtaket er gjort med heimel i veglova §§ 40 og 43.

Vilkår for løyvet:

Statens vegvesen har etter ei samla vurdering av vegtekniske tilhøve og trafikksikringsomsyn sett desse vilkåra for løyvet:

1. Løyvet er gjeve i samsvar med Forskrift om alminnelege reglar om bygging og vedlikehald av avkøyrsløse frå offentlig veg gitt av Vegdirektoratet 16.7.1964.
2. Løyvet gjeld berre for den staden som er nemnt over. Krav til avkøyrsløse og parkering:
 - a. Krav til frisikt målt 4 meter inn i avkøyrsløse frå kvit stripe på Fv. 7. skal vera minimum 60 meter i begge retningar. Sikt framover og bakover på vegen skal vera minimum 60 meter. Dette inneber at alle sikthindringar (vegetasjon, terreng m.m.) over 0,5 meter i planet mellom avkøyrsløse og Fv. 7 må fjernast.
 - b. Svingradius skal vera 4 meter.
3. Løyvet gjeld for dette/desse føremål(a): Tilkomst og parkering til ein fritidseigedom.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
fir mapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

4. Eigaren og/eller brukaren av avkøyrsla løyvet gjeld for, har ansvar for at frisikt og andre krav til avkøyrsla til ei kvar tid er oppfylt, jf. veglova § 43. Dersom ikkje dette skjer, kan avkøyrsløyvet verta trekt attende.
5. Det må opparbeidast tilfredsstillande snu- og manøvreringsareal inne på eigen eigedom slik at ein unngår rygging ut på offentleg veg. Krav til veg/parkering:
 - a. Parkeringsplassen skal liggja minimum 3 meter frå vegkant Fv. 7. Dette grunna drift og vedlikehald av fylkesvegen. Det er ikkje grunnlag for krav mot Statens vegvesen grunna skade eller ulempe som følgje av at parkering vert liggjande så nært til Fv. 7.
 - b. Parkeringsarealet skal opparbeidast i samsvar med figur E44 og Tabell E19 i Handbok N100 Veg- og gateutforming.
6. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Privatrettslege tilhøve med omsyn til nabo- og eigedomstilhøve knytt til bruk og opparbeiding av avkøyrslé, frisiktsoner og tilkomstveg må søkaren sjølv ivareta og skaffe seg rett til. Slike rettar bør tinglysast.
7. Fører avkøyrsla over veggroft, må det leggast stikkrenne med diameter på minst 300 mm og i tilstrekkeleg lengde, sjå vedlegg *Krav til utforming av privat avkøyrslé*.
8. Før arbeidet med avkøyrsla startar opp, må Statens vegvesen v/Jarle Tvilde verta kontakta for eventuell varslingsplan. E-post er voss-arbeidsvarsling@vegvesen.no Tlf: 954 96 302. Slik plan skal vere godkjend av Statens vegvesen minimum fem – 5 – virkedagar før arbeidet skal starte.
9. Så snart avkøyrsla er bygd må vedlagde skjema "Bekreftelse på opparbeidet/nybygd avkjørsel" underskrivast og returnerast.
10. Opparbeida avkøyrslé skal vere godkjend av Statens vegvesen før øvrige byggearbeid vert sett i gang/igangsettingsløyve vert gjeve. Endeleg godkjenning vert sendt til søkjar med kopi til kommunen.
11. Løyvet fell bort dersom ikkje arbeidet med avkøyrsla er sett i gang innan tre – 3 – år etter at løyvet er gitt.

Bakgrunn for vedtaket:

Statens vegvesen skal ved si vurdering legge vekt på omsynet til trafikken på og langs vegen. Det må gjerast ei totalvurdering, der det utover tilhøva på staden også må takast omsyn til framkomst og trafikktryggleik på den vegen det er søkt om avkøyrslé frå.

Bakgrunnen for løyvet er:

Fv. 7 har ein årsdøgntrafikk (ÅDT) på 715 forbi staden, derav 19% lange køyretøy. Tala er frå 2015. Til tider er dette omkøyingsveg mellom Voss og Bergen. Det er då stor trafikk. Det er fullt mogleg å oppnå sikt jfr krava. Eigedomen har pr i dag inga godkjent avkøyrsløse. Av omsyn til framkome og tryggleik på Fv. 7 er det ynskeleg å unngå «villparkering».

Rett til å klage:

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast, jfr forvaltningslova §§ 28–36. Klagefristen er tre – 3 – veker frå du fekk dette vedtaket. Klageinstans er Hordaland fylkeskommune. Ei eventuell klage sendast til Statens vegvesen som sender over saka til klageinstansen.

Dersom du ynskjer det, har du høve til å sjå dokumenta i saka.

Plan & Forvaltning Voss Hardanger
Med helsing

Carl Erik Nielsen
Seksjonssjef

Hilde Gunn Stenseth
Senioringeniør


Vedlegg: Bekreftelse på opparbeidet/nybygd/endret avkjørsel
Krav til utforming av privat avkøyrsløse

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.


Kopi
Granvin herad, Postboks 13, 5733 GRANVIN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN

PRINSIPPSKISSE


Krav til frisikt for avkjørsla :



Krav til svingradius for avkjørsla :



Krav til lengdeprofil for avkjørsla / tilkomstveg :



Statens vegvesen, Plan og Forvaltning, Voss og Hardanger

HORDALAND

Jnr. 16/60575

Ark.nr.

Sak/dokument nummer

MELDING OM OPPARBEIDD/NYBYGD/ENDRA AVKØYRSLE

Eg/vi melder om at avkøyrslé frá fylkesveg , hp , km , no er ferdig opparbeidd i samsvar med vilkår fastsett i samtykke dagsett .

.....
Stad/dato underskrift søkar/grunneigar

.....
Underskrift utførande entreprenør

Meldinga sendast til:
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger